

Årsmelding for Holsen og Haukedalen sokn 2022

Soknerådet har vore samansett slik:

Leiar:	Bodil Øvsthus Frøysland, Haukedalen
Nestleiar:	Laila Marie Nydal, Holsen
	Nils Asbjørn Gjerland, Haukedalen
	Gunn Alise Heimestøl, Holsen
	Kåre Håkon Høgseth, Holsen
	Berit Irene Haarklau, Haukedalen
1. varamedlem:	Anne Berit Holsen, Holsen
2. varamedlem:	Monika Igland Frøysland, Haukedalen
3. varamedlem:	Laila Johanne Hage, Haukedalen
4. varamedlem:	Anne Grethe Steinfeld, Haukedalen
5. varamedlem:	Wenche Merete Reiersgård, Holsen

Medlemer i andre råd og utval:

Sunnfjord Kyrkjeleg fellesråd: Nils Asbjørn Gjerland
Varamedlem: Berit Irene Haarklau

Kyrkjelydsbladet Helg og Heim: Bodil Frøysland
Varamedlem: Laila Nydal

Trusopplæringsutvalet: Gunn Alise Heimestøl
Varamedlem: Bodil Frøysland

Andre nemnder:

Dåpsopplæringsnemnd i Haukedalen: Tor Arild Nydal Holsen, Karin Ø. Grøneng, Else Myren og Bodil Ø. Frøysland.

Diakoninemnd i Holsen: Hallbjørg Sveum og Inger Lise Vallestad
Diakoninemnd i Haukedalen: Magnhild Rørvik og Bodil Støfring

Blomering Holsen kyrkje: Hallbjørg Sveum, Møyfrid Vallestad og Gunn Heimestøl
Ansvar for blomar på altaret i Haukedalen: Bodil Ø. Frøysland

Tilsette i kyrkjelydane:

Diakoniarbeidar	Ingvar Vagstad	100%
Kateket/leiar for trusopplæringa	Heidi V. Styve	100%
Kantor	Gro Gunnarson	100% (permisjon 30% fram til 15. juni)
Kantor	Miguel Espinoza Chavez	100% (40% fast) fram til 1. april
Sekretær	Toril Anita Øye	100 %
Sekretær	Joy Taylor	90 % feb-sept, 100% frå oktober
Kyrkjegardsarbeidar	Terje Sæle	100%
Kyrkjelydspedagog	Gry Sætre	100%
Kyrkjelydspedagog	Ute Lindner	100% (delvis permisjon)
Kyrkjeverje	Inger Hageberg Øvrebø	100% fram til 31. mai
Kyrkjeverje	Sissel Vartdal	100% frå 1. juni

Økonomileiar	Trond Herløvsund	70%
Kyrkjetenar/klokkar i Haukedalen	Bodil Øvsthus Frøysland	7%
Kyrkjetenar/ klokkar i Holsen	Tor Arild Nydal Holsen	6,2%
Reinhaldar Holsen kyrkje	Jorun Helga Holsen	5,5%

Bispedømet

Prost	Knut Magne Nesse
Sokneprest	Ingvald Andersen Frøyen
Prest	Carsten Langeland
Prostiprest	Runar Matsui-Li fram til august

Det er fleire tilsette i nye Sunnfjord kyrkjelege fellesråd etter kommunesamanslåinga i 2020. Det medfører at personar jobbar meir på tvers av soknegrensene enn tidlegare. Andre personar vil difor også kunna verta involvert i saker som gjeld Holsen og Haukedalen.

HOLSEN OG HAUKEDELEN SOKN – Statistikk for året 2022

	2019	2020	2021	2022
Døypte egne	2	5	4	2
Deltakande på søndagsgudstenester	1349	847	782	976
Deltakande på andre gudstenester	120	0	177	227
Deltakande på gudstenester totalt	1469	847	959	1203
Tal søndagsgudstenester	33	28	27	30
Tal andre gudstenester	2	0	3	4
Tal gudstenester med nattverd	20	13	12	9
Totalt tal på deltakarar til nattverd	241	119	98	139
Tal gudstenester totalt	35	28	30	34
Gjennomsnitt oppmøte gudstenester	42	30	32	35
Gjennomsnitt oppmøte hovudgudsteneste	38	30	29	32
Gjennomsnitt tal på nattverdsgjester	12	9	8	15
Tal konfirantar	4	3	7	7
Totalsum på innkomne gåver på kollekt i kyrkja	54.145,- kroner	28.116,- kr	26.717,- kr	46 094
Innmelde	0	0	0	0
Utmelde	0	0	0	0
Vigsler	0	2	0	0
Gravferder	7	2	4	7

Kommentarar til statistikken frå Holsen og Haukedalen – v/ Soknepresten :

Etter to unormale år grunna pandemien ser vi no at tala er på veg tilbake mot det som har vore normalt. Vi må likevel hugse på at fyrste del av 2022 også hadde restriksjonar, så vi har enno ikkje tal som gir oss eit heilt bilete av kor vi står.

Soknerådet har redusert tal søndagsgudstenester med 3, men har samstundes lagt opp til alternative samlingar på vekedagar for å sjå om vi klarer å samle fleire folk då. Våren og hausten 2022 hadde vi soleis songkveldar i Holsen kyrkje to torsdagar og dei samla til saman 105. Dette kjem ikkje fram i gudstenesteoversikta då det ikkje er registrert som gudstenester men anna type arrangement. Nattverdsøkinga har gått noko ned, men det skuldast og at vi har hatt færre gudstenester med nattverd. Dette har også vore eit bevisst val frå soknerådet.

Vår hovudutfordring er framleis å få med oss unge familiar, born og unge. Vi har mange konfirantar, men vi klarar ikkje å få dei med oss vidare.

Arbeid og aktivitet i soknet i 2022

I 2022 har soknerådet hatt 7 møter og handsama 56 saker. Soknerådsmøta vore haldne vekselvis i Haukedalen kyrkje og Holsen kyrkje. Det vart leigd møterom på Frøysland skule og Holsen skule til dei to siste møta i 2022.

Aktivitet i kyrkjelydane gjennom året

Januar:

- 09.01 Gudsteneste Haukedalen kl 11.00. Takke- og minnegudsteneste.
- 30.01 Gudsteneste Holsen kl 11.00. Takke- og minnegudsteneste

Februar:

- 06.02 Gudsteneste Haukedalen kl 11.00.
- 09.02 Soknerådsmøte Holsen
- 20.02 Gudsteneste Holsen

Mars:

- 06.03 Gudsteneste Haukedalen kl 16.00. Familiegudsteneste med utdeling av bøker til 6- og 7-åringar.
- 16.03 Soknerådsmøte Haukedalen
- 20.03 Gudsteneste Holsen kl 11.00. Familiegudsteneste med utdeling av bøker til 6- og 7-åringar. Årsmøte etter gudstenesta.
- 31.03 Skulegudsteneste Holsen kyrkje kl 12.45

April:

- 14.04 Gudsteneste Haukedalen kl 19.00. Skjærtorsdag. Fellesgudsteneste med Holsen.
- 17.04 Gudsteneste Holsen kl 11.00. Påskedag
- 17.04 Gudsteneste Haukedalen kl 19.00. Påskedag
- 20.04 Soknerådsmøte Holsen

Mai:

- 01.05 Gudsteneste Haukedalen kl 11.00
- 15.05 Gudsteneste Holsen kl 11.00 med konfirmasjon. 4 konfirmantar.
- 15.05 Gudsteneste Holsen kl 13.00 med dåp
- 17.05 Gudsteneste Haukedalen kl 11.00 og Holsen kl 12.15. Keiko Matsui-Li spela blokkfløyter til salmane. Skulekora deltok både i Haukedalen og Holsen.
- 29.05 Gudsteneste Haukedalen kl 11.00 med konfirmasjon. 3 konfirmantar

Juni:

- 01.06 Soknerådsmøte Haukedalen
- 02.06 "Song for sommaren" i Holsen kyrkje torsdag kl 17.00. Song og musikk av lokale krefter og folk frå Førde. Gro Gunnarson og Rune Molvik deltok. Ingvald Frøyen leia samlinga og Nils Gjerland hadde verbale innslag. Fin samling med variert program og god deltaking. Kaffi og noko å bita i etterpå med god tid til prat i kyrkjebenkene. Gode tilbakemeldingar frå deltakarane.
- 05.06 Gudsteneste Haukedalen kl 11.00. Pinsedag
- 05.06 Gudsteneste Holsen kl 19.00. Pinsedag
- 24.06 Jonsokgudsteneste Haukedalen kl 19.00. Songgruppa deltok. Soknerådet laga til kyrkjekaffi etter gudstenesta.
- 26.06 Gudsteneste Holsen kyrkje kl 11.00

Juli:

17.07 Stølsmesse Haukedalen kl 12.00. Den vart flytta frå Reinestølen til kyrkja grunna regnvêr. Historisk tilbakeblikk v/ Nils Gjerland.

August:

07.08 Stølsmesse Holsen kl 12.00. Den vart flytta frå Norddalen til kyrkja pga dårleg vêr. Anita Ø. Rusken var liturg og Ottar Rusken spela kornett. Kyrkjekaffi som ”plaster på såret” sidan det ikkje vart friluftsgudsteneste.

14.08 Gudsteneste Haukedalen kl 11.00.

28.08 Gudsteneste Holsen kl 19.00.

September:

07.09 Soknerådsmøte Holsen

25.09 Gudstenester Holsen kl 11.00. Hausttakkefest og konfirmantpresentasjon. Kyrkjekaffi.

29.09 Gudsteneste Haukedalen kl 19.00. Mikkelsmesse, hausttakkefest og konfirmantpresentasjon. Kyrkjekaffi etter gudstenesta.

Oktober:

05.10 Soknerådsmøte Haukedalen

16.10 Gudsteneste Holsen kl 11.00.

30.10 Gudsteneste Haukedalen kl 11.00.

November:

03.11 ”Song i hausten” Holsen kyrkje torsdag kl 17.00. Song og musikk, innslag ved Nils Gjerland, leia av Ingvald Frøyen. Kaffi og kaffimat etterpå og tid til prat. Godt oppmøte.

13.11 Gudsteneste Holsen kl 19.00.

Desember:

04.12 Lysmesse Haukedalen kl 11.00. Utdeling av bøker til 4- og 5-åringar og til 5. klassingar. Konfirmantar deltok.

04.12 Lysmesse Holsen kl 14.00. av bøker til 4- og 5-åringar og til 5. klassingar.

10.12 Jubileumskonsert Holsen kyrkje med kantor, sokneprest og lokale aktørar. Historikk om kyrkja ved Tor A. N. Holsen. Variert og flott program. Holsen kyrkje 160 + 1 år. Konserten skulle vore arrangert i 2021, men måtte då avlysast pga koronarestiksjonar.

12.12 Skulegudsteneste for Holsen skule og barnehage i Haukedalen kyrkje kl 9.30.

20.12 Julekonsert Holsen kyrkje arrangert av Ane og Leif Helge Birkeland

24.12 Gudstenester Holsen kyrkje kl 12.00 og Haukedalen kl 14.00. Trekkspelmusikk i begge kyrkjene grunna mangel på kantor. Jøran Vallestad spela i Holsen kyrkje og Oddmund Frøysland i Haukedalen kyrkje

27.12 Juletefest Haukedalen kl 19.00 felles for begge bygdene, arrangert av songgruppa og soknerådet. Tradisjonell juletefest med julefortelling, songgruppa deltok, nissebesøk, gang rundt juletreet, juleleik og matøkt.

Gudstenester

Dette året har gudstenestene vorte gjennomført etter oppsett gudstenesteplan. Sjå det som soknepresten skriv tidlegare i årsmeldinga.

Runar Matsui-Li slutta som prest 1. august 2022 og gjekk over i stilling som sokneprest i Hyllestad.

Kyrkjemusikk

Miguel Espinoza Chavez slutta i stillinga som kantor i Førde og Holsen/Haukedalen 1. april 2022. Kantorstillinga har vore lyst ut, men det har ikkje lukkast å få tilsett ny kantor. Det har vore fleire personar som har delt på å spela på gudsteneste i vårt sokn i 2022. På julafta var det ikkje mange nok kantorar til å spela på alle julegudstenestene i Sunnfjord, og lokale krefter måtte hyrast inn i våre kyrkjer.

Skulekora i Holsen og Haukedalen har ikkje hatt faste øvingar i 2022, men soknerådet har oppmoda kantor om å øva saman med skulekoret før skulegudstenester. Rune Molvik har hatt ansvar for at skulekoret i Holsen har hatt øvingar.

Musikk-arrangement og konsertar

Soknerådet starta opp eit nytt arrangement i 2022. "Song for sommaren" vart arrangert i juni og "Song i hausten" i november, begge gonger i Holsen kyrkje. Begge gongene var det godt oppmøte og gode tilbakemeldingar både frå musikarar, songarar og publikum. Soknerådet ynskjer at dette skal verta eit fast arrangement som vekslar mellom dei to bygdene. Neste gong skal det arrangerast i Haukedalen kyrkje.

Det var jubileumskonsert for Holsen kyrkje i desember 2022 arrangert av soknerådet.

Rett før jul arrangerte Ane og Leif Helge Birkeland julekonsert i Holsen kyrkje.

Konfirmantjubileum

Det var ingen 50-årsjubilarar i 2022 grunna omlegging av konfirmasjon frå haust til vår i 1972/73. Soknerådet bestemte av den grunn at det ikkje vart arrangert konfirmantjubileum i 2022. Planen er å invitera til konfirmantjubileum kvart andre år, for to årskull om gongen. Fyrste arrangement vert hausten 2023 i Holsen kyrkje. Me vekslar på å ha det i Holsen og Haukedalen.

Misjonsavtale

Soknerådet inngjekk misjonsavtale med NMS i 2015. Me støttar arbeidet i Estland.

Det var to ofringar i kvar kyrkje til misjonsprosjektet i 2022.

Informasjon kjem i form av e-post frå Estland fleire gonger i året. Tanken er at kyrkjelydane skal få informasjon frå Estland i enkelte gudstenester. Det er vanskeleg å få formidla nok om misjonsprosjektet til at kyrkjelydane får eigarskap til misjonsprosjektet.

Det har ikkje vore misjonsgudsteneste i nokon av kyrkjene i 2022.

Opprusting/vedlikehald kyrkjene

- Soknerådet har bestilt fleire kondolanseprotokollar til begge kyrkjene.
- Soknerådet ynskjer å få sett opp oppslagstavler på veggen på servicebygga. Me ynskjer å ha kort informasjon om kyrkjene på tavlene. Dette kjem på plass i 2023.
- Dugnad på kyrkjegarden på Holsen våren 2022, også dette året eit samarbeid mellom grendalaget på Holsen og soknerådet. I Haukedalen var det dugnad i slutten av mai slik at det var fint til konfirmasjonshelga.

Diakoninemndene sitt arbeid

Holsen (skrive av Inger Lise Vallestad):

Diakoninemnda har også i år vore på besøk med blomster til jubilarer frå 70 år og oppover. I år har det fordelt seg slik: fire 70 årsdagar, seks 75 årsdagar, ein 80 årsdag, ein 85 årsdag og to 90 år dagar. I alt 14 åremålsdagar.

Diakoninemnda har hatt 2 telefonmøter der vi har fordelt kven vi skal levere blomster til.

Diakoninemnda for 2022 har bestått av Halbjørg Sveum og Inger-Lise Vallestad.

Haukedalen (opplysningar frå Magnhild Rørvik):

Diakoninemnda i Haukedalen har delt ut 3 blomstehelsingar i 2022. Dette har vore til to personar 75 år og ein person 80 år. Magnhild Rørvik har også besøkt eit par av dei eldre i bygda.

Diakoninemnda i Haukedalen har vore Magnhild Rørvik og Bodil Støfring.

Dåpsklubben i Haukedalen

Det har ikkje vore samlingar i Dåpsklubben i 2022. Dåpsklubben og husstyret ved Frøysland skule samarbeida om å arrangera juleverkstad for alle aldrar i desember 2022.

Ansvarlege for Dåpsklubben er framleis Tor-Arild Nydal Holsen, Bodil Øvsthus Frøysland, Karin Øverli Grøneng og Else Renate Myren.